

Innkalling

Utval	Sula kontrollutval
Møtestad	Sula rådhus, møterom 4. etasje
Dato	14.03.2023
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 09/23 Meldingar
- MS 04/23 Sula kontrollutval sitt medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT)
- MS 05/23 Høyring - anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata
- MS 06/23 Etterleving av forvaltningslova
- PS 10/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - barneverntenesta
- PS 11/23 Prosjektplan undersøkelse tidleg innsats og spesialundervisning

Ålesund, 07.03.2023

Olav Bjarne Skodje
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/23	Sula kontrollutval	14.03.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sula kontrollutval - 30.01.2023

Møteprotokoll

Utval	Sula kontrollutval
Møtestad	Sula rådhus, møterom 4. etasje
Dato	30.01.2023
Tidspunkt	kl 14:00 - 15:35

Følgjande medlemmer møtte

Aslak Digernes

Gunvor Reistad Aannø

Inger Øien

Olav Bjarne Skodje

Forfall

Svein Olav Værnes

Møtande varamedlem

Per Olaf Brækkan

Møtenotat

Frå administrasjonen deltok kommunedirektør Leon Aurdal og kommunalsjef Hildegunn Pedersen til og med meldingssak 03/23.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Under eventuelt tok Gunvor Aannø opp spørsmålet om kontrollutvalet burde bestille ein kontrollrapport innanfor eit bestemt område som grunnlag for arbeidet sitt for resten av perioden. Kontrollutvalet gav leiar fullmakt til å diskutere med sekretariatet og revisjonen om ei skisse til ein slik rapport innanfor oppvekstsektoren eller sentrumsplan.

Olav Bjarne Skodje
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 03/23 Meldingar
- MS 01/23 Budsjettvedtak 2023 Sula kommunestyre - kontrollarbeid.
- MS 02/23 Søksmål mot Sula kommune
- MS 03/23 Vedtak frå Sula kommunestyre - forvaltningsrevisjon
barnevernet
- PS 04/23 Interimrevisjon 2022 Sula kommune
- PS 05/23 Årsmelding Sula kontrollutval 2022
- PS 06/23 Oppdatert møteplan Sula kontrollutval 2023

PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sula kontrollutval 30.01.2023

Behandling

SUKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 03/23 Meldingar

MS 01/23 Budsjettvedtak 2023 Sula kommunestyre - kontrollarbeid.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 30.01.2023

Behandling

Kontrollutvalet bad om å bli halden orientert om føringa kostnader på området kontroll og tilsyn slik at det er mogleg å sjå desse utgiftene / rekneskaptala opp mot budsjetterte kostnader.

SUKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 02/23 Søksmål mot Sula kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 30.01.2023

Behandling

Kommunedirektør Leon Aurdal og kommunalsjef Hildegunn Pedersen gav kontrollutvalet ei orientering om status i dette søksmålet. Det blei opplyst at Sula formannskap og seinare kontrollutvalet ville få oppdatert informasjon når dette var klart.

SUKU - 02/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 03/23 Vedtak frå Sula kommunestyre - forvaltningsrevisjon barnevernet

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sula kontrollutval 30.01.2023

Behandling

SUKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 04/23 Interimrevisjon 2022 Sula kommune

Sekretariatet si tilråding:

Sula kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2022 frå Møre og Romsdal RevisjonSA til vitande.

Sula kontrollutval 30.01.2023

Behandling

SUKU - 04/23 vedtak

Sula kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2022 frå Møre og Romsdal RevisjonSA til vitande.

PS 05/23 Årsmelding Sula kontrollutval 2022

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2022. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Sula kontrollutval 30.01.2023

Behandling

SUKU - 05/23 vedtak

Sula kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2022. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

PS 06/23 Oppdatert møteplan Sula kontrollutval 2023

Sekretariatet si tilråding:

Sula kontrollutval vedtek følgande datoer for møter i 2023:

- tirsdag 14. mars kl. 14.00
- tirsdag 23. mai kl. 14.00
- tirsdag 19. september kl. 14.00
- mandag 27. november kl. 14.00

Møtestad er rådhuset i Langevågen.

Sula kontrollutval 30.01.2023

Behandling

SUKU - 06/23 vedtak

Sula kontrollutval vedtek følgende datoer for møter i 2023:

- tirsdag 14. mars kl. 14.00
- tirsdag 23. mai kl. 14.00
- tirsdag 19. september kl. 14.00
- mandag 27. november kl. 14.00

Møtestad er rådhuset i Langevågen.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 09/23	Sula kontrollutval	14.03.2023

Meldingar

Underliggende saker

04/23	Sula kontrollutval sitt medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT)
05/23	Høyring - anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata
06/23	Etterleving av forvaltningslova

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 04/23	Sula kontrollutval	14.03.2023

Sula kontrollutval sitt medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT)

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

I kontrollutvalet si sak om tilråding til budsjettramme 2023 for kontrollarbeidet i Sula kommune gjorde kontrollutvalet vedtak om å legge inn årleg medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) som kompetansetiltak.

Dette er den organisasjonen som bidreg sterkest med kompetansepåfyll og faglege råd til kontrollutvala i kommunane, i tillegg til NKRF (Norges kommunerevisors forbund).

Som ei oppfølging av at kommunestyret har vedteke den tilrådde budsjettramma for kontrollarbeidet, så ligg her ved stadfestinga av at Sula kontrollutval no er innmeldt i FKT.

Medlemskapet gjev eigne prisar på kurs og konferansar.

Vedlegg

Nytt medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn - Kontrollutvalget i Sula kommune
Nytt fra fra FKT februar 2023
Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni - Forum for kontroll og tilsyn

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 05/23	Sula kontrollutval	14.03.2023

Høyring - anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

NKRF kontroll og revisjon i kommunene og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) har sendt ut på høyring forslag til anbefalingar for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata. Det er naturleg at kontrollutvala får høve til å kome med synspunkter på denne høyringa. FKT inviterer sine medlemmer om å kome med innspel og idear til korleis dette samspelet kan gjerast betre i framtida. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vil innarbeide det i sitt høyringssvar.

Det er spesielt innanfor to område vi ynskjer synspunkter frå kontrollutvala:

- møtebok/møteprotokoll - protokollering ved votering (bruk av partitilhøyrighet eller bare bruk av medlemmers navn)
- handsaming av forvaltningsrevisjoner/eigarskapskontrollar i kontrollutvalet og kommunestyret

Vedlagt saka ligg høyringsbrev og 2 høyringsforslag. Sekretariatet vil i møte 14. mars 2023 gi ein kort presentasjon av høyringa og ta imot eventuelle merknadar frå Sula kontrollutval.

Sekretariatet vil etter dette samenfatte innspela frå våre kontrollutval og sende høyringssvar innan fristen 24. mars 2023.

Vedlegg

Høyring – Anbefalinger for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariata - frist

24.03.2023

Anbefalinger for sekretariatene - Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll_høringsutkast

Anbefalinger for sekretariatene - Møtebok_høringsutkast

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 06/23	Sula kontrollutval	14.03.2023

Etterleving av forvaltningslova

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har motteke vedlagte epost frå Rolf Fagervoll til Sula kontrollutval. Eposten ligg ved denne saka.

Rolf Fagervoll fekk svar frå kontrollutvalsekretariatet 3. februar 2023 i tråd med vanleg praksis i Sula kontrollutval.

Kontrollutvalet bør i møtet gjere ei vurdering av innhaldet i denne aktuelle henvendinga knytt til eposten frå Rolf Fagervoll. Utvalet bør vurdere og drøfte om kontrollutvalet skal prioritere å gå vidare på det innlegget peikar på.

Det kan gjerast enten ved først å bestille ei orientering frå kommunedirektør eller å be om ei saksutgreiing til neste møte for og kunne vurdere bestilling av ei anna type kontrollhandling. Kontrollutvalet kan også velgje å ta henvendinga til vitande og med det ikkje gå nærare inn på det henvendinga tek opp.

Vedlegg

Henvending om manglande etterleving av forvaltningsloven.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 10/23	Sula kontrollutval	14.03.2023

Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - barneverntenesta

Sekretariatet si tilråding:

Etter å ha fått ei orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapport 2022 - barneverntenesta, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.

Bakgrunn:

I november 2022 handsama kontrollutvalet ein rapport frå gjennomført forvaltningsrevisjon 2022 innan barneverntenesta i Sula kommune (sak PS 22/22).

Problemstillingane kontrollutvalet ynskte svar på gjennom denne forvaltningsrevisjonen var:

1. Blir barn med hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervernstiltak følgt opp på ein tilstrekkeleg måte?
2. Er enkeltvedtaka i regi av barnevernet i samsvar med regelverket?

Kontrollutvalet sendte si tilråding knytt til rapporten over til kommunestyret som gjorde vedtak i sak 080/22 den 19. desember.

Vedtaket ligg ved saka her.

Kommunestyret bad gjennom sitt vedtak punkt 3 kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet og er difor invitert til kontrollutvalet sitt møte 14. mars 2023 for å gje ei orientering om oppfølging av vedtaket.

Kommunedirektør Leon Aurdal har bekrefta til sekretariatet at kommunalsjef Hildegunn Pedersen stiller i møte.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapporten vert følgt opp av administrasjonen. Difor er det nyttig å be om ei orientering frå kommunedirektøren på dette. Med bakgrunn i den informasjonen som kjem fram i møte vil kontrollutvalet kunne gjere seg opp ei meining om ein kan avslutte arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

Vedlegg

Vedtak Sula kommunestyre sak 080/22 rapport forvaltningsrevisjon 2022 om barneverntenesta

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/23	Sula kontrollutval	14.03.2023

Prosjektplan undersøkelse tidleg innsats og spesialundervisning

Sekretariatet si tilråding:

Sula kontrollutval godkjenner plan for kontrollrapport innan tidleg innsats og spesialundervisning med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Bakgrunn:

På møte i Sula kontrollutval 30. januar 2023 fekk leiar Olav Skodje mynde til å diskutere nærare med kommunerevisjonen og sekretariatet om ei mogleg skisse for ein kontrollrapport. Tema som var omtalt i møte var skule og plan.

På NKRF sin konferanse på Gardermoen 1. og 2. februar 2023 avtalte sekretariatet eit møte med leiar Olav Skodje og Kurt Løvoll frå kommunerevisjonen. Ein blei einig om å bede revisjonen lage ei skisse innanfor grunnskulane i Sula kommune med fokus på tidleg innsats og spesialundervisning.

Vedlagte prosjektplan gir eit godt bilete på områda som var diskutert med leiar og kommunerevisjonen men det er viktig at kontrollutvalet og diskuterar og "tar eigarskap" i prosjektplanen.

Vurdering:

Det er no, før kontrollutvalet vedtek prosjektplanen, at utvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på planen, slik at utvalet kan sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynskjer.

Ein prosjektplan bør innehalde:

- bakgrunn
- føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterium
- metode
- framdriftsplan og anslått ressursbruk.

Ut frå sekretariatet si vurdering inneheld denne prosjektplanen desse punkta og vil tilrå at kontrollutvalet godkjenner planen og at rapporten vert sett i verk.

Vedlegg

Prosjektplan Undersøking - tidleg innsats og spesialundervisning - Sula kommune